



KORALLREV I FARE: Mange korallrev er trua med utrydding på grunn av global oppvarming. (Foto: Richard Ling)

Norsk trikotasjemuseum i kveld:

Knyt ein korall

I kveld er det nok ein gong klart for strikke-
kafe på museet i Salhus.

Tekst: Wagne Forn Hofstad
wagne@casanetlands.no

Eller kanskje vi heller skal sei heklekafe. Kveldens tema er nemlig noko så tilsynelatande konaplisert som hyperbolsk korallrevhekling. Inger Lena Gåsemyr vil her fortelje kafegjestane om miljøprosjektet The Hyperbolic Crochet Coral Reef, som blei starta opp av sastrene Margaret og Christine Wertheim i 2005.

Heklar korallar

Dette er eit prosjekt som ynskjer å sette fokus på korallrev som er trua med utrydding på grunn av global oppvarming. Namnet «hyperbolsk» refererer til måten korallrev er bygd opp. Sidan hekling liknar på hyperbolske geometriske formar, vert hekling brukt når ein skal lage hyperbolske matematiske modellar.

– Norsk trikotasjemuseum ynskjer å vere med på prosjektet, og vil i 2011 setje i gong ein individuell satellitt som skal visast på museet, fortel formidlar Lars Voss Sørhus.

– Vi håpar folk blir med og heklar i lag med oss, oppmodar han, og ynskjer gamle og nye kafegjester vel møtt i kveld.

Norsk trikotasjemuseum i Salhus, i kveld kl. 19.00-21.00.

Meir informasjon: www.crochetcoralreef.org og www.tsd.com
(søkeord: coral reef)